

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Diverse orienteringar:

Presentasjon av Hov vgs v/ rektor Steinar Våge og to elevar.

Orientering om bruk/erfaringar av vekslingsmodellen v/ Trond Harald Alvær, rådgivar fagopplæringseksjonen.

Svar på spørsmål frå OPHE 12.11.14: «Samanlikning av skular med omsyn til elevane sine resultat og gjennomføring»: Munnleg orientering v/ rådgjevar Tor Ivar Sagen Sandvik.

Svar på spørsmål frå OPHE 02.12.14 vedk. manglande utbetaling av budsjettmidlar til Elevorganisasjonen i Hordaland: Munnleg orientering v/ seksjonsleiar fellestenester Birthe Haugen.

SAK «8-13 samarbeid i Arna» - sak PS8814 i OPHE 02.12.14 vedk. forslag til innstilling frå OPHE.

Følgjande presisering vart lagt fram skriftleg for OPHE i møtet:

«Fylkesrådmannen si forståing av vedtak, pkt. 2 er som følgjer: «Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid med Bergen kommune avklare detaljar i samarbeidet om 8-13 i reguleringsperioden».

VEDTAK

Opplærings- og helseutvalet gav samrøystes sin tilslutnad til fylkesrådmannen si forståing.

OPEN TIME

Dan Femoen sette fram følgjande forslag:

«Ønsker en sak til OPHE der man ser på mulighetene for å opprette en entreprenørskaps- og innovasjonslinje i Hordaland; gjerne i samarbeid med fagskolen/høgskolen/universitetet og Ungt Entreprenørskap».

Oversendingsforslaget vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.